

Preses Olav Fykse Tveit

Preike ved 25-års jubileet for Porvoo-fellesskapet mellom lutherske og anglikanske kyrkjer

Nidarosdomen 12.09.21

Tekstar: Jes 11,1-10; Ef 4,1-6; Matt 5,10-12

VISJON OG VIRKELIGHET

Det er ei stor glede å kunne markere i dag at det er 25 år sidan mange var her i Nidarosdomen og skreiv under Porvoo-avtalen om kyrkjefellesskap mellom anglikanske kyrkjer på dei britiske øyane og i Irland og lutherske kyrkjer i Norden og Baltikum. Vi får gjere det saman med de som har komne hit i dette høvet og representerer mange av desse kyrkjene i Noreg. Det er ei spesiell glede at to av dei som sjølve var med på å drøfte og skrive denne erklæringa saman med representantar for desse kyrkjene er til stades: biskop emeritus Andreas Aarflot og professor emeritus Ola Tjørhom. Det var ei svært spesiell hending for 25 år sidan då dei leidande biskopane og mange andre møttest her i Nidarosdomen, til ei heilt spesiell gudsteneste som dåverande domprost Knut Andresen la så fint til rette for.

--

Porvoo-avtalen er ein viktig milepål i vår kyrkjhistorie, og difor også i Nidarosdomens historie. Men den er ikkje mindre ein viktig milepål i den større historia til det vi kallar den økumeniske rørsla. Dette er det møyssommelege arbeidet for å gjere synleg at ulike kyrkjer i ulike kyrkjetradisjonar og i ulike historiske og geografiske samanhengar er eitt i Kristus. Det har prega det siste hundreåret av verdas kyrkjhistorie. Det har vore eit kall til å kome forbi dei store skiljer som har prega kyrkjelandskapet, og til å finne nye vegar framover for å skape fellesskap og samhandling mellom kristne i verda.

Dette har skjedd gjennom teologiske studier og samtaler som har gitt ei ny erkjenning av at det som sameinar er meir enn det som skil oss. Men det har også kome gjennom ei sterkare erkjenning av at dette ikkje berre kan vere fint å oppleve, men at kyrkjene er *kalte* av Gud til å vere eitt. Verda treng det kyrkjene kan vitne om og gjere sammen.

Dette formålet er klart uttrykt i tittelen på den engelske originalteksten for rapporten frå det arbeidet som leidde fram til den avtalen vi feirar i dag: «Together in Mission and Ministry» - «saman i oppdrag og teneste». Arbeidet for å vise at kyrkjene er eitt er ikkje noko vi gjer for vår eigen del. Det er noko som høyrer vårt oppdrag i verda til. «At dei alle skal vere eitt - for at verda skal tru», som det heiter i ein ofte sitert tekst frå Johannesevangeliet kapittel 17.

Men det handlar også om det vi høyrt i dagens evangelium frå bergpreika: Om å stå saman for rettferds skuld, også i motvind og motstand. Det handlar om å følgje Kristus sammen i den verda slik ho er.

Eller som erkebiskop Desmond Tutu i den anglikanske kyrkja i Sør-Afrika har sagt det: «The world is too strong for a divided church.» Det gjaldt i kampen mot rasismen og apartheidssystemet i Sør-Afrika. Verda er for sterkt for ei splitta kyrkje. For kyrkja si skuld er det nødvendig å vere eitt. I alle tider.

Men *verda* treng også at kyrkja kan vere eitt samlande teikn på det mangfaldige fellesskapet Gud har skapt oss til å vere, som òg menneskeætt og som del av det større og ògne skaparverk. Det gjeld ikkje minst i tider når global urett og klimakrise pregar vår verd, og når menneske vert ekskluderte eller trakasserte fordi dei er akkurt dei dei er.

--

Det er i dette større biletet at vi også markerer denne viktige hendinga som Porvoo-avtalen er.

Det handlar om noko som får meg til å tenkje på tittelen på ei lesebok frå gymnastida: «Visjon og virkelighet.» Ei samling smakebitar for norsk og internasjonal litteratur hadde denne litt vidløftige tittelen. Som 16-åring lurte eg på kva det skulle bety. Sidan har eg tenkt at det er mangt i livet som kan stå under ein slik tittel: «Visjon og virkelighet».

--

Det er meiningsfullt også å setje denne tittelen over det vi kallar den økumeniske rørsla. Dermed kan det vere ein tittel over ulike tekstar som er vorte til i den samanhengen. Det får fram nettopp spenninga mellom den erfarte verkelegheita av avstand, splitting og til dels fiendskap, og visjonen om einskap i trua og fellesskap på tvers av skiljelinjer. Det er denne spenninga som har drive denne bevegelsen fram.

Men det som har drive oss framover er også ei erfaring av at det kan vere den motsatte vegen. Det kan også vere at ein innser at det som sameinar er verkeleg, og at det som faktisk finnst kan gi oss nye perspektiv, nye visjonar for fellesskap i praksis. Det kjem særleg gjennom erkjenninga av at det er noko som er gitt oss gjennom kyrkjas tru og historie – og som vi faktisk deler. Det er sterkt nok og bærekraftig nok til å samle oss i tru og teneste. Difor kan det også skape nye visjonar om kva som er mogeleg, no, og i framtida.

--

Tilbake til norsktimane på gymnasiet: Noko av det vi måtte lese skapte ei djupare forståing av den verkelege og vaksne verda vi var på veg inn i. Vi såg det livet andre har levd og lever, og korleis dei opplevde og forsto det. Det hjalp godt å ha ein kyndig og entusiastisk lektor, Ragna Ruud, som hjalp oss sjå samanhengen mellom litteraturen og det verkelege livet vi sjølv var sett inn i, i fortid og notid. Til dømes opplevde eg korleis Johan Falkberget sine historier om livet på Røros og her i byen skapte visjonar om eit rettferdig samfunn, om kvinners likestilling med menn i samfunnet, om kyrkjas rolle i menneskelivet, og om

kjærleikens kraft til å forvandle relasjonar. Dette har nok prega meg og mitt engasjement i den økumeniske rørsla.

--

Også i dag er det ein tekst som samlar oss. Det er rett nok ein heilt annan slags tekst. Men den står i ein samanheng med mange andre tekstar frå den økumeniske rørsla som har forma visjonar, og gjort dei om til noko verkeleg og synleg.

Denne katedralen vart vald som første av tre stader for underskriving fordi den på ein heilt spesiell måte uttrykkjer dei historiske samanhengane det var og er mellom kyrkjene i desse landa.

I denne katedralen får ein eit møte mellom nettopp «visjon og virkelighet». Her ser vi den store samanhengen vi høyrer til i. Høgd i stein. Som i så mange andre katedralar i dei kyrkjene vi representerer i dag. Det er historiske skiljer mellom oss, og det er mange historiske felles trekk ved kyrkjene våre. I det tusenårsperspektivet vi tek fram i desse åra vi nå går inn i, er vi medvitne om at dette ei historie om makt og tru som på dramatisk vis knytta denne regionen og kyrkjene saman i sein vikingetid. Det handlar om misjon og om trusskifte, men også om vald og drap, på kongar og jarlar og mange, mange andre. Men også om drap på misjonærar og andre trusvitner, også biskopar og erkebiskopar. Men det er mest ei lang historie om korleis kyrkja vart etablert, og fekk røtter i våre land og i folks Gudstru og deira måtar å leve på.

I reformasjonstidas brytningar vart vi på ulike måtar skilde frå den store felles kyrkja i Vest i fellesskap med Paven. Vi fekk litt ulike tradisjonar og måtar å ta vare på den apostolske trua på, og litt ulike måtar å fylle oppdraget og tenesta på. Og vi fekk litt ulike tekstar som definerte vår kyrklege identitet.

I det vi kan kalle den moderne misjons- og kyrkjhistoria vert det ei ny forteljing om å gjenoppdage kvarandre. Den økumeniske rørsla har sett i gang noko som har fått uttrykk i tekstar som Porvoo-avtalen. Den har også sett i gang organisert samarbeid som i Kirkenes Verdensråd sidan åra rett etter 2.verdskrigen, noko tidlegare biskop Arne Fjellbu her i Nidaros var med og starta i 1948 saman med preses Eivind Berggrav. Eller vi kan nemne nyare nasjonale tiltak som Norges Kristne Råd, som også er om lag 25 år gammalt. Begge deler er også ein del av mi personlege historie, som eg deler med mange av de som er her.

Avtalar og organisasjonar som dette gjer at visjonar kan bli verkeleggjort. Dei hjelper oss til å sjå meir og vidare enn det vi ser akkurat no. Men dei får oss også til å skape nye realitetar, ved å gjensidig forplikte oss overfor kvarandre på kva vi vil.

Porvoo-avtalen - som er trykt i vårt program - byggjer på ein litt lengre tekst om kva desse kyrkjene trur og står for, som kanskje er enno meir lesverdig («Porvoo-erklæringa»). Det er ein kompakt, gjennomarbeidd tekst om kva det er å vere kyrkje, kva slags kyrkjer vi er, kva vi trur og kva vi er kalte til når Jesus ber om at vi alle må vere eitt.

Den teksten har sin styrke i at den set oss inn i ein større samanheng enn våre einskilde kyrkjer og den enkelte av oss sitt liv. Den peikar på det bærande i vår felles tru, nemleg dei

felles tekstane i Bibelen og i dei felles uttrykka vi har for vår tru i truvedkjenningane. Den får fram spesielt korleis vår felles tru er uttrykt i våre liturgiar, og ikkje minst i vår feiring av sakramenta dåp og nattverd, men også i vår praksis når vi vigslar til teneste i kyrkja gjennom bøn og handspålegging og får del i det same embete og oppdrag.

Dette er uttrykk som kan bere fellesskapet og den enkelte vidare. Det er ikkje eg som enkeltmenneske som må finne fram eller finne opp den samanhengen der eg kan ha del i kyrkjas tru eller kyrkjas store oppdrag. Det er gitt oss i eit fellesskap – og i ein samanheng som vert ei kjelde til liv.

--

Vi har i dag hørt sterke bibeltekstar som malar for oss visjonar for det fellesskapet som vi ikkje alltid ser, men som kan bli verkeleg. Nokon av dei vart lest her for 25 år sidan, mellom anna dei vakre orda frå Efesarbrevet om korleis den eine trua på den eine Gud kan og må uttrykkjast i kjærlekens liv.

Den heilt spesielle litterære kvalitet i teksten frå profeten Jesaja er bakteppet for det store perspektivet som ligg i både Jesu ord om himmelriket og i Paulus sine ord om den eine Gud og Far for alle.

Guds Ande kan skape noko nytt, og utruste han som skulle kome til å fylle oppgåvene. Det er den same Ande som har skapt både menneske og alt anna som lever. Det er den Gud som er over alle og i alle og gjennom alle. Det er denne Gud som vi er kalt i Jesus Kristus til å følgje.

Denne sundagen i kyrkjeåret har - som vi hørde - ein annan sterk og klassisk evangelietekst frå bergpreika. På dramatisk vis gir den oss noko som kan verke som ein kontrast til dei vakre tekstane om det gode fellesskap vi lengtar etter. Forfølging. Spott. Det handlar om den barske og endå til tragiske verkelegheit om urettferdig behandling og forfølging for rettferdas sak, for Jesu skuld.

Men dette hører faktisk nøyne saman. Det sanne fellesskapet må vere bygd på rettferd. Den rettferda som hører himmelriket til er ikkje noko som berre kjem til oss gjennom den vakre visjonen om freden som skal råde. Den rettferda vi treng, og som vert gjeven oss, og som er basis for det fellesskapet Kristus skaper, er gitt oss gjennom Jesu offer og oppgjer med all urett og synd. Det er visjonen om Guds rettferd, den rette ferd, som peikar langt ut over snevre menneskelege eigeninteresser og sjølvrettferdige tendensar hjå oss menneske.

Det er ein visjon som kan bli verkelegheit også i denne verda. Men det kjem ikkje utan motseiing og motstand. Det har mange opplevd, og mange opplever den dag i dag. Vi skal vakte oss vel for å gjere oss sjølve til offer eller framstå slik. Men vi må hugse at det viktigaste er ofte krevjande og utfordrande.

--

Heilaganden gjer oss i stand til å vere kyrkje i vår tid, i vår verd, slik ho er utfordra, splitta og truga av urett. Det er ikkje berre medvind Anden gir oss. Anden kjem oss også i møte som

motvind. Det skjer når vi må stå opp for det som er sant og det som er rettferdig, for den kjærleiken som bind saman og som skaper fred.

--

Pandemien vi er ramma av er «rettferdig» i den forstand at alle kan bli ramma. Men den viser og forsterkar på dramatisk vis forskjellane mellom oss, endå til i tilgangen til vaksiner. Det er nok vaksiner i verda til alle, men berre 20 % av verdas fattige har tilgang til dei i dag, fortel Kirkens Nødhjelp oss.

Klimakrisa gjer at vi skjønar at det er berre éin klode vi lever på, og at vi er i samme båt med eit felles globalt problem. Krisa rammar oss alle. Men krisa rammar dei mest utsette - og det er ofte dei fattigaste - først og mest.

--

Dei store bibelorda vi har lese har også eit dramatisk bakteppe, som er svært «verkeleg» kvar på sitt vis: Profeten talte inn i ei forvirra og uroleg tid. Paulus skreiv frå eit fangehol. Jesu ord er eit ekko av den motstand han sjølv møtte og som enda i ein tragisk død.

Jesu ord set namn på den dramatiske kampen for rettferda, for kva det vil seie å følge Kristus som den som kan forsona og samle. Men Jesu ord peikar ut over nederlaget: Sæle er de. Himmelriket er deira. Stor er løna dykkar i himmelen.

Det siste ordet skal ikkje uretten få.

--

I den teksten som ligg til grunn for vår feiring i dag, er det samanfatta kva vi saman trur som lutherske og anglikanske kyrkjer. Der heiter det: «Vi deler et felles håp om Guds rikes endelige komme, og tror at vi i dette eskatologiske perspektiv her og nå kalles til å arbeide for fremme rettferdighet, søke fred og ha omsorg for den skapte verden. De forpliktelser Guds rike legger på oss, skal bestemme kirkens liv og omsorg for verden. «Den kristne tro betyr at Gud har stiftet fred gjennom Jesus Kristus, «ved hans blod, på korset» (Kol 1,20), og slik opprettet det ene gyldige sentrum for hele menneskehets enhet» (§32 I).

I kampen mot den systematiske økonomiske, juridiske og politiske rasisme i apartheid-ideologien og systemet i Sør-Afrika, fekk dette eit heilt spesielt tydeleg uttrykk – som den kjende erkebiskop Tutu sto for og fekk Nobels fredspris for. Å vere éi kyrkje vart umogeleg utan også å vere ei kyrkje for alle slags menneske, uansett rase. Einskapen kunne ikkje berre vere i kyrkjestruktur eller i læresetningar. Det måtte også vere ein einskap i det menneskelege fellesskap som ikkje ekskluderte andre på grunn av rase og sosiale skiljer. I dei lutherske kyrkjene vart det eit spørsmål om kva nattverdfellesskapet eigenleg er. Når ein ikkje kunne ha det med menneske av ulik farge, vart det eit klart brot på kva vi trur og vedkjenner: Kristi kropp vart splitta av rasisme.

--

Porvoo-erklæringa hjelper oss også til å sjå nattverden nettopp i spenninga mellom visjon og verkelegheit. Den peikar nettopp på det verkelege nærveret, at Kristus verkeleg møter oss i

denne feiringa av måltidet han innstifta til minne om seg. Der kjem vårt fellesskap aller sterkest til uttrykk. Då er det den levande Kristus som kallar oss saman og som gir oss eit møte med seg og kvarandre i brød og vin. Det skaper ein ny realitet: Vi er èin lekam i Kristus.

Nattverden vert difor eit teikn på Guds vilje om å samanfatte alt i Kristus. Men nettopp i nattverdfeiringa vert vi difor også utfordra til å sjå meir enn det vi ser, til å sjå det som sameinar oss, men også den splittinga og naud som denne verda har - og som Gud ser.

Vi feirar nattverd i trass og i håp. Då vert den eit kall til å leve saman i den kjærleiken som er sterkare enn døden.

Ære vere Faderen og Sonen og Den Heilage Ande, vår skapar, frelsar og livgjevar, som var, er og vere skal, èin sann Gud frå æve og til æve. Amen